

Arealrekneskap for utmark

Vegetasjons- og arealtypar i Hordaland

Yngve Rekdal og Johnny Hofsten

Hordaland har eit samla areal på 15 440 km². Utmark utgjer 95 % av dette. I prosjektet "Arealrekneskap for utmark" er det henta inn data som gjev oversikt over vegetasjons- og arealtypar i utmarka i fylket.


Metode: Dette er eit materiale samla inn i samband med etablering av eit nasjonalt arealrekneskap for utmark. Dette har basis i eit nett av 1080 utvalsflater, kvar på 0,9 km², lagt systematisk ut over landet. I Hordaland omfattar materialet 60 flater. På kvar flate er det utført vegetasjonkartlegging. Desse flatene utgjer ei lita, men likevel statistisk forventningsrett utvalsundersøking av arealdekket. For vegetasjonstypar med mindre enn 5 % arealdekning vil tala vera usikre.

Naturtilhøve: Topografi, berggrunn, lausmassar og klima har mykje å seie for fordelinga av vegetasjonstypar. Landskapet i Hordaland hevar seg meir eller mindre jamt frå den ytste skjergarden i vest og inn på Hardangervidda med toppar 1700-1800 moh. Fjordar og dalar skjer seg djupt inn i landmassane. Næringsfattige bergartar dominerer fylket, men næringsrike bergartar finst bl.a. langs nordsida av Hardangerfjorden og på Hardanger-

vidda. Lausmassane over berggrunnen i Hordaland er jamt over tynne, og med store areal av bart fjell. Tjukkare morenedekke er avsett i fjordlier, dalbotnar og dalsider, og dannar grunnlag for det meste av jordbruket og skogproduksjonen. I bratte fjord- og dalsider finst mykje skredmateriale.

Det meste av Hordaland har eit nedbørrikt kystklima med milde vintrar og forholdsvis kalde somrar. I ytre strok er årsnedbøren 1300-1800 mm. Litt inn frå kysten der landskapet hevar seg, aukar nedbøren kraftig til 2500-3200 mm. I dei inste fjordstroka, og aust på Hardangervidda, er det ein viss regnskuggeeffekt med årsnormalar kring 1100-1400 mm. Mykje av årsnedbøren kjem som snø i fjella, og dei fleste fjellområda har eit djupt og langvarig snødekke.

Arealdekket i Hordaland: Av 54 typar i kartleggingssystemet er 46 registrert på utvalsflatene i fylket. Berre 8 typar utgjer kvar meir enn 5 % av arealet. Rishei har størst areal med 10 %. Vidare følgjer bart fjell med 8 % og blåbærbjørkeskog, mosesnøleie og alpin fukthei alle med 7 %.



Vegetasjons- og arealtypar i Hordaland som dekkjer meir enn 1 % av landarealet.

Skoggrensa representerer eit markert skilje i veksevilkår og landskapsbilete, og utvalet av typar vil vera svært ulikt over og under denne grensa. Skoggrensa i Hordaland varierer frå under 200 moh. på øyar i ytre strok til 1000 moh. i fjella i indre strok. Om lag 44 % av Hordaland ligg under skoggrensa og 56 % over. Store areal under den klimatiske skoggrensa er skoglause på grunn av tidlegare arealbruk i utmark. Samla er 16 % av fylkesarealet potensielt attgroingsareal dersom husdyrbeite kjem på eit for lågt nivå.

Under skoggrensa er 64 % av arealet dekt med skog. Av skogarealet er 49 % dominert av lauvskog (vesentleg bjørk), 35 % av furu og 16 % av gran. 7 vegetasjons- og arealtypar dekkjer kvar meir enn 5 % av arealet under skoggrensa. Blåbærbjørkeskog er størst av desse med 16 %. Vidare følgjer ferskvatn med 11 %, lav- og lyngrik furuskog 10 %, engbjørkeskog og blåbærfuruskog begge 8 %, blåbærgranskog 7 % og fuktiskog 6 %. 12 typar dekkjer mellom 1 og 5 %.

Fordelt etter næringsgrad dekkjer fattige lav- og lyngrike skogtypar 19 % av skogarealet, blåbærskogar 48 % og rike engskogar 15 %. 5 % av skogen er varmekjær lauvskog.

Over skoggrensa: 6 typar har her kvar meir enn 5 % dekning av arealet. Rishei har størst areal med 18 %. Så følgjer alpin fukthei med 14 %, mosesnøleie 12 %, bart fjell 11 %, grassnøleie 9 % og ur og blokkmark 9 %. 9 typar dekkjer frå 1 og 5 % av arealet.

Samla dekkjer vegetasjonslause areal 26 % av arealet over skoggrensa. 25 % av arealet her er snøleie – det gjer Hordaland til snøleiefylket. Mykje brattlende gjer at fylket har lite myr med berre 4 % av samla areal. Nedbørrikt klima gjev derimot mykje fuktheier og fuktiskog i midtre og ytre delar, samla utgjer desse typane 12 % av fylkesarealet.

Kjelde: Hofsten, J., Rekdal, Y. og Strand, G-H. 2015. Arealregnskap for utmark. Arealstatistikk for Hordaland. Norsk inst. for skog og landskap, ressursoversikt 2/15.

